



Statens vegvesen

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkjevegen 62

6230 SYKKYLVEN

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
23/125659-2

Dykkar referanse:
23/1195

Vår dato:
15.07.2023

Uttale til mindre endring av kommunedelplan for Straumgjerde og oppheving av "Reguleringsendring for Straumgjerde (Barnehagetomt)" Sykkylven – gnr. 23 bnr. 183

Vi viser til brev av 30.06.2023.

Saken gjeld

Formålet med planendringa er å endre formålet offentlig og privat tenesteyting til bustadformål på eigedomen til Tanstad barnehage som skal leggst ned. Gjeldande reguleringsplan skal samtidig opphevast.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i *Nasjonal transportplan (NTP)*, *statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretatt i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er «å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennleg transportsystem».

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine egne kulturminne, og som statleg fagmyndigheit med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikkikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivaretatt i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklende.

Våre innspel

Vi ser det som viktig at ein synleggjer både behov og konsekvensar for arealbruken. Etter plan- og bygningslova § 4-2, jf. KU-forskrifta, skal nye arealformål i kommuneplanens

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset. Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

arealdel utgreiast. Forholdet til dei *statlige planretningslinjene for samordnet bustad-, areal- og transportplanlegging* vil vere sentralt. Viktige tema som transportbehov, trafikktryggleik, framkome for alle trafikantgrupper vil vere viktig å utgreie.

Konklusjon

Da området er i eit eksisterande bustadområde, har vi truleg ingen motførestillingar til endringa til bustadformål. Ei heller oppheving av gjeldande reguleringsplan. Vi viser likevel til innspela over, og ber om at nødvendige utgreiingar blir følgt opp i det vidare arbeidet med planendringa.

Transportforvaltning midt

Med helsing

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Sykkylven kommune
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
23/1195-1/ARIRIN	30.06.2023	91561/2023/KOMMUNEPLAN/1528	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	16.08.2023

Sykkylven kommune - mindre endring av kommunedelplan for Straumgjerde og oppheving av reguleringsendring av Straumgjerde - fråsegn

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

Saka gjeld mindre endring av kommunedelplan for Straumgjerde og oppheving av reguleringsendring av Straumgjerde. Dette inneber oppheving av formål offentleg og privat tenesteyting til bustadformål på eigedommen til Tanstad barnehage som skal bli lagt ned. Gjeldande reguleringsplan skal samtidig opphevast. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

Planfaglege merknader

Jf. pbl. § 12-4 første ledd, så er hovudregelen at det er dei same reglane for endring og oppheving av reguleringsplan som for utarbeiding av ny plan. Dette er grunna i at planvedtak bygger på ei grundig fagleg utgreiing, offentleg medverknad og politisk prosess, er forpliktande, og skal ikkje kunne fråvikast i hovudtrekk utan ny og tilsvarande prosess.

Planområdet ligg i eit eksisterande bustadfelt, så vi har ingen vesentlege merknadar til endringa til bustadformål.

Barn og unge

Det kjem ikkje tydeleg fram av varselet om endringa av arealbruken vil kunne ha negative verknader for barn og unges interesser. Kommunen bør gjere nokre overordna vurderingar med omsyn til barn og unge, som til dømes kor mange bustadeiningar som soknar til barnehagen sin leikeplass som er tilgjengeleg på kveldstid for borna i nabolaget.

Ved eventuelt endra bruk av areal, som er avsett til fellesareal eller friområde, som er i bruk eller er egna for leik, skal det jf. rikspolitiske retningslinjer for barn og unge, skaffast fullverdig erstatningsareal. Kravet gjeld all slags arealbruksendring.

For at barn og unge sine interesser skal bli ivareteke må kommunens barn- og unges representant bli tatt med på råd.

KONKLUSJON

Vi ber om at merknaden ovanfor blir tatt omsyn til i den vidare behandlinga av saka.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Kopi:
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal



SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Fråsegn - Sykkylven 23/183 - mindre endring av kommunedelplan for Straumgjerde 2016006 og oppheving av reguleringsplan for Straumgjerde barnehagetomt

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Saka gjeld mindre endring av kommunedelplan for Straumgjerde og oppheving av reguleringsendring for Straumgjerde.

Tandstad barnehage vart vedtatt nedlagt sommaren 2022. Kommunen har vurdert alternativ kommunal bruk av arealet, men har konkludert med at det ikkje er behov for det.

Arealet er avsett til offentleg og privat tenesteyting i kommunedelplanen og regulert til offentleg bygning i reguleringsplanen.

Kommunen ønskjer å endre føremålet til bustadføremål, og vil gjennomføre dette som ei mindre endring jamfør plan og bygningslova § 11-17.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Barn og unge

Kommunen skriv at ved oppheving av gjeldande reguleringsplan vil den eldre reguleringsplanen frå 1977 gjelde. Her er arealet avsett til fellesareal og bustad.

Saka er ikkje opplyst i høve barn og unges interesser. Om barnehagen er eit viktig leikeområde for barn og unge i området, og/eller om det finst anna leikeareal i nærområdet, burde gå fram av saka.



Eldre reguleringsplan sikrar ikkje opparbeiding av fellesareal for barn og unge. Vi rår difor til ei reguleringsendring som sikrar at interessene for barn og unge består. Vi viser også til *Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging punkt 5d*, som stadfester at;

«ved omdisponering av arealer som i planer er avsatt til fellesareal eller friområde som er i bruk eller er egnet for lei, skal det skaffes fullverdig erstatning. Erstatning skal også skaffes ved utbygging eller omdisponering av regulert areal som barn bruker som lekeareal, eller dersom omdisponering av areal egnet for lek fører til at de hensyn som er nevnt i punkt b ovenfor, for å møte dagens eller framtidens behov ikke blir oppfylt».

Med helsing

Frida Farstad Brevik (e.f)
plansamordnar

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
STATENS VEGVESEN
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
REGION VEST

Postboks 2500 6404 MOLDE
Hunderfossen 2625 FÅBERG
Naustdalsvegen 6800 FØRDE
1B

Emne: Fwd: Saksnummer 2023/1195
Til: Postmottak <postmottak@sykkylven.kommune.no>
Sendt: 09.08.2023 10:28:07
Fra: Robert Kalvatn <reinakal@online.no>

[ADVARSEL] Avsender på denne eposten er utanfor Sykkylven kommune. Ikkje klikk på lenke eller opne vedlegg om du ikkje kjenner avsender eller er trygg på at innhaldet er sikkert..

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

Fra: Robert Kalvatn <reinakal@online.no>
Dato: 9. august 2023 kl. 09:35:05 CEST
Til: postmottak@sykkylven.komune.no
Emne: Vs: Saksnummer 2023/1195

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

Fra: Robert Kalvatn <reinakal@online.no>
Dato: 9. august 2023 kl. 09:29:42 CEST
Til: postmottak@sykkylven.komune.no
Emne: Vs: Saksnummer 2023/1195

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

Fra: Robert Kalvatn <reinakal@online.no>
Dato: 8. august 2023 kl. 18:45:21 CEST
Til: postmottak@sykkylven.komune.no
Emne: Saksnummer 2023/1195

Hei,ønsker Sykkylven komune lykke til med salget av
eigendomen Tandstad Barnehage 23/183.

Når det gjeld endringa av arealbruken så er eg ganske open
for kva ny eiger vil bruke eigendomen til,men med tanke på
at den ligg ganske sentralt i byggefeltet her,så kan det vere
greit at det forblir som komunen sjølv foreslår,
bustadsområde.

vh Robert Kalvatn.

Sendt fra min iPhone